




# KOMMUNEVALPROGRAM STRYN SENTERPARTI 2023-2027



## ORDFØRAREN HAR ORDET:

Ein av dei viktigaste føresetnadane for ei god utvikling i Stryn, er tillit og samarbeid. Det gjeld i kommunestyret, mellom kommunen og samfunnet rundt, dei andre kommunane i Nordfjord, Vestland fylkeskommune eller Staten for den del. Skal vi få ei god utvikling i Stryn, behalde og utvikle dei vidaregåande skulane og byggje og vedlikehalde gode og trygge vegar, er vi avhengige av samarbeid. Dette har vore godt dei seinare åra, men vi må heile tida byggje tillit for å betre det.





## VÅR KOMMUNE

I Stryn kommune skal det vere godt å bu, med tenestetilbod nær folk og tryggleik for folk der dei bur. Eit levande folkestyre med tillit mellom folk, der ein yte etter evne og fellesskapet stiller opp for kvar enkelt. Frivillig arbeid og organisasjonslivet i kommunen gjer ein viktig jobb for bulyst og tryggleik. Utan denne innsatsen frå innbyggjarar og organisasjonar ville vi alle vore meir sårbare, og kommunen ein dårlegare stad å bu. Stryn Senterparti vil bidra til å gje lag og organisasjonar gode vilkår.

I Senterpartiet sin miljøpolitikk står forvaltartenkinga sterkt, der ressursane vert best nytta gjennom berekraftig bruk. Det er viktig for kommunen å legge til rette for klimavenlege val.

## BU- OG OPPVEKSTVILKÅR

Gode oppvekstvilkår er avgjerande for busetnad i heile kommunen. Stryn Senterparti ynskjer å skape bulyst og leggje til rette for tilflytting i alle bygdelag.

### Stryn Senterparti vil arbeide for:

- Eit forsvarleg desentralisert barnehage/skuletilbod med SFO.
- Idrett og kulturaktivitet i heile kommunen.
- Fritidstilbod for alle.
- Attraktive bustadtomter i alle delar av kommunen, også i enkelte LNF-områder.

## OMSORG

Stryn kommune skal yte gode omsorgstenester. Førebygging og tverrfaglege samarbeid skal prioriterast. Målet må vere at innbyggjarane skal få samordna tilbod og at det vert sett inn tidleg innsats.

### Stryn Senterparti vil arbeide for:

- Stryn kommune skal yte gode omsorgstenester på rett nivå til rett tid.
- Styrke barnevernet i tråd med intensjonane i barnevernsløftet, og leggje til rette for eit godt samarbeid på tvers av kommunegrensene.
- Auka fokus på psykisk helse og særleg styrke hjelpetiltak for barn og unge.
- Ei stabil legedekning, ei velfungerande legevakt og ei trygg ambulanseteneste.

## ARBEIDSGJEVAREN STRYN KOMMUNE

Stryn kommune er ein stor arbeidsplass. For Stryn Senterparti er det viktig at Stryn kommune er ein god arbeidsgjevar.

- Stryn skal vere ein god kommune å jobbe i med trygge og trivelege arbeidsplassar.
- Stryn Senterparti vil jobbe for ei god og tydeleg leiging med langsiktige planar.
- Jobbe for heiltidskultur, auka stillingsprosentar for dei som ynskjer det.
- Stryn kommune skal vere aktiv tilbydar av lærlingplassar/praksisplassar.
- Kommunen skal leggje til rette for kompetanseheving.

## NÆRING OG UTVIKLING

Stryn Senterparti arbeider for å vidareutvikle det varierte næringslivet som ein har i kommunen. Vi ynskjer å leggje til rette for eit godt samarbeid mellom kommune og næringsliv, slik at vi framleis får ei positiv utvikling med vekst.

### Stryn Sp vil arbeide for:

- At kommunen skal vere ein viktig støttespelar og samarbeidspartnar for utvikling av næringslivet i Stryn kommune.
- Gode rammevilkår for landbruket, og sikre økonomien til dei som driv aktivt landbruk.
- At det vert gjeve gode vilkår for å kunne drive nyskaping og etablere arbeidsplassar. Samarbeid med bygdelaga for å fremje utvikling av bustadtomter og næringsareal.
- Å utvikle turisme/reiseliv som er ei særskild viktig næring med stort potensiale. Dette må gjerast på ein måte som samtidig er god for lokalbefolkninga.

## VEGAR

Kommunale vegar er mange stader heilt avgjerande for busetnad og næring. Samstundes har mange innbyggjarar lange og krevjande private vegar. Det er slik at kommunen enten tar alle kostnader (kommunal veg) eller ingenting (privat veg). Dette gjev store skilnadar for innbyggjarane. Vi treng eit system som gjev meir rettferd med tenlege vegar.

- Stryn Senterparti meiner vi må vurdere ei løysing med eit nivå mellom alt eller ingenting, også vurdere om ein har rett nivå på snørydding/vedlikehald.
- Vestland har ansvar for fylkesvegane. Viktig jobb for Stryn er å sikre vår kommune sin rettmessige del av gangvegar, av sikring mot ras og nødvendig utbetring av vegane.
- E39 og RV15 er viktige vegar. Ny Strynefjellstunnel med arm til Geiranger haster og må ha fullt fokus heilt fram til anleggsarbeidet kjem i gong.

# Stryn Senterparti

## Kommunevallista 2023

Nr.	Namn	Stad	Fødselsår
1	Per Atle Kjøllesdal	Utvik	1956
2	Stine Fjellkårsstad	Blaksæter	1999
3	Silje Åsnes Skarstein	Olden	1978
4	Johan Berge	Oppstryn	1969
5	Jorunn Aa Myklebust	Olden	1953
6	Marit N. Sandnes Skrede	Stryn	1969
7	Rune Myklebust	Oldedalen	1962
8	Arnt Magne Paulen	Innvik	1965
9	Anne Sølvi Sande	Lodalen	1971
10	Mahmut Yücel	Innvik	1980
11	Kjell Ove Bergset	Blaksæter	1970
12	Margaret Skåre	Hjelledalen	1956
13	Oddbjørn Reme	Innvik	1980
14	Signe Opdal	Innvik	1975
15	Anne Loen Skåre	Olden	1962
16	Even Inge Nesje	Stryn	1967
17	Lene Drageset Hestnes	Innvik	1995
18	Karl Ove Loen	Loen	1961
19	Hege Gjertsen	Olden	1973
20	Bjarte Bergset	Blaksæter	1997
21	Lars Åge Hilde	Innvik	1960
22	Vivian Guddal	Hjelledalen	1982
23	Bjørnar Bøe	Stryn	1998
24	Arve Fjellkårsstad	Blaksæter	1967
25	Tore Drageset	Innvik	1964
26	Grethe Sunde	Stryn	1973



Per Kjøllesdal

- Gift, to vaksne born
- Bonde i samdrift
- Kommunestyremedlem frå 1995
- Formannskapsmedlem frå 1999
- Ordførar 2019-2023
- Ulike leiar- og styreverv



Stine Fjellkårsstad

- Ungdomskandidat
- Organisasjonssekretær Vestland Senterparti
- Vara til kommunestyret sist periode
- Samfunnsøkonomi og bærekrafts-studier



Silje Åsnes Skarstein

- Gift, fire born
- Bonde
- Kommunestyremedlem frå 2015
- Formannskapsmedlem frå 2015
- Leiar teknisk utval 2019-2023
- Ulike leiar- og styreverv